

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Cecilie Solli	Arkiv:	K2-K4
Arkivsaksnr:	26/56 26/56-5		

Høyringsforslag - forvaltningsmål for hjorteviltet i Sula kommune

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Plan- og miljøutvalet	01.09.2026	073/26

Kommunedirektøren si innstilling:

Utvalet for viltsaker har gjort vedtak om at Sula kommune skal utarbeide forvaltningsmål for hjort og rådyr.

Plan og miljøutvalet tilrår at utkast til forvaltningsmål for hjort og rådyr – Sula kommune 2026-2028, utkast av måldokumentet sendast ut for uttalelse til valda, nabokommunar, Møre og Romsdal fylkeskommune og andre aktuelle interessentar.

Vedtaket er heimla i §3 i Forskift om forvaltning av hjortevilt.

Høyringsfristen vert sett til fire (4) veker.

Etter at uttalelsesfristen er gått ut skal Nordre Sunnmøre landbrukskontor gå gjennom innspela, vurdere om planen skal endrast. Forvaltningsplanen, forvaltningsmål for hjort, vert på nytt lagt fram for plan og miljøutvalet for stadfesting.

Godkjent måldokument vil bli lagt fram for kommunestyret og utvalet for viltsaker til orientering.

I fylje forvaltningsloven § 28 er det klagerett på enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker etter vedtaket er motteke. Klageinstans er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Ei eventuell klagen skal stilast til Sula kommune.

Saksopplysningar:

Utvalet for viltsaker i Sula kommune har i sak nr.02/26 den 13.01.2026: *"Sula kommune set i gang prosessen med å lage «måldokument for hjorteforvaltning 2027-2030», og løyver 30 000kr eks MVA til dette arbeidet. Dokumentet skal bli utarbeidd av Norsk Hjortesenter i samarbeid med Nordre Sunnmøre landbrukskontor. Sula kommune skal i tråd med forskrift ha forvaltningsmål for hjort i kommunen, forvaltningsmål vil gi gode retningslinjer for forvaltning av hjort. Endelig forslag til forvaltningsplanen, forvaltningsmål for hjort, skal leggest fram for plan og miljøutvalet."*

I tråd med Sula kommune sitt delegasjonsreglement vert denne saka lagt fram for behandling i Plan og miljøutvalet. Det er vert sett av minimum fire veker til høyringsfrist.

Måldokument for hjort og rådyr i Sula kommune er ein plan som viser forvaltningsmål for hjort og rådyr for Sula kommune.

Vedteken måldokument, forvaltningsmål for hjort og rådyr vert sendt ut for uttalelse til Sula hjorteviltvald, nabokommunar, fylkeskommunen og andre aktuelle interessentar. Etter at uttalelsesfristen er gått ut og innspel er evaluert, skal måldokument, forvaltningsmål for hjort, leggest fram for plan og miljøutvalet.

Sula kommune skal etter §3 i «Forskrift om forvaltning av hjortevilt- vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta omsyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfald, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane».

I den samanheng er det utarbeida eit forslag til «Forvaltningsmål for hjort og rådyr - Sula kommune 2026-2028», det er Norsk hjortesenter som har stått for utarbeidinga av dette saman med utvalet for viltsaka og Nordre Sunnmøre landbrukskontor.

Kommunale mål for hjortevilt er blant anna eit viktig dokument som gir tydelege retningslinjer for jaktrettshavere når det er behov og ønske om å utarbeide bestandsplan. Sula hjorteviltvald skal revidere og fornye sin bestandsplan i tråd med denne måldokument når den er vedteke.

Måldokument blir sendt ut til vald, organisasjonar, næringar i kommunen, og regionale mynde, som kan ha interesse av forvaltninga av hjort og rådyr.

Uttalelsesfrist til dokumentet er satt til 4 veke.

Økonomiske konsekvensar for Sula kommune

Slik det kjem fram av sak nr. 02/26 er det sett av kr.30000,- til dette arbeidet.

Eit delmål med måldokument er å reduser kommunen sine utgifter for ettersøk av fallvilt dersom effektene vert slik formålet med planen legg opp til.

Vurdering

Formåla med måldokumentet er å synleggjere både negative og positive konsekvensar hjorteviltet har for samfunnet og synleggjere den retninga forvaltninga ønsker. Forvaltningsmåla i måldokumentet er tydelege og peiker mot ein reduksjon av hjortestammen samtidig som at ein fokuserer på å ta ut rett dyr. Ved å redusere stammen får ein positive effektar på stammen og ein redusere omfanget av arealbrukskonfliktar i høve andre interesser.

Eit godt måldokument for hjort i Sula er eit viktig dokument som gir ei betre forvaltning av hjort, sørge for ei meir berekraftig stamme. I tillegg til å få ned kommunens utgifter for ettersøk av fallvilt, redusere viltets lidelse i samband med skade ved påkjørsle, sjukdom og samtidig gjere vegane i Sula kommune tryggare å ferdast etter for kommunen sine innbyggjarar.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at måldokument slik den er utarbeidd av Norsk hjortesenter i samarbeid med Nordre Sunnmøre landbrukskontor vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Tittel	Dok.ID
forvaltningsmål for hjorteviltet i Sula kommune	1590446